

## VEDLEGG 2 - VURDERING AV SØKNADER, REKRUTTERING OG KOMPETANSE VÅREN 2021

Tiltak	Søkar	Sum søkt	Total- budsjett	Prosent	Kort omtale	Vurdering	Vedtaks- sum	Prosent
1.Grøn utdanning i Vestland	Vestland fylkeskommune på vegne av landbrukspartnarskapen	630 000	2 200 000	29 %	Prosjektet skal jobbe for å auke rekrutteringa til naturbruk i Vestland. Hovudmål er å auke interesse hos ungdom i Vestland for naturbruk og dei grønne næringane. Prosjektet skal bidra til auke rekrutteringa til naturbruk, synleggjere kompetansebehov i Vestland, synleggjere karriereveggar og styrke samarbeid om rekruttering i Vestland. Prosjektet skal bidra til at fleire ungdommar, foreldra til ungdommar, lærarar og rådgjevarar kjenner til moglegheitene i dei grønne næringane. Vidare skal prosjektet bidra til at landbruksnæringa i Vestland samarbeider godt om rekruttering og kompetanseheving. Prosjektet er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune ved avdeling for Innovasjon og næring, alle dei grønne naturbrukskulane i fylket, faglag og Statsforvaltaren i Vestland. Alle midlane i prosjekt går ut til aktivitet.	Auka rekruttering til naturbruk vil gagne landbruket på lang sikt, både i form av fleire og meir kompetente yrkesutøvarar i næringa, men også i form av en auka forståing og respekt for dei grønne næringane. Avdeling for Innovasjon og næring i Vestland fylkeskommune står som søker på vegne av alle dei grønne naturbrukskulane i fylket, faglag og Statsforvaltaren i Vestland.	630 000	29 %
2.Søknad om midlar til utvikling av landbruksnorsk	Studieorganisasjonen Folkeuniversitetet	759 000	759 000	100 %	Gjennom dette prosjektet ønskjer Folkeuniversitetet å utvikle ein ny type norskkurs retta mot landbruksvikarar og avlørsarar i landbruksnæringa. Folkeuniversitetet sitt mål er å utvikle kursmodular og digitale verktøy tilpassa landbruket og avlørsarane/ landbruksvikarane sine opplæringsbehov. Målet er at dei nye modulane skal setje fokus på ord, uttrykk og viktig informasjon, t.d. innan HMS, som er relatert til kvardagen i landbruket. Modulane vil vere supplement til ordinære norskkurs, alle standard språkkurs i Folkeuniversitetet er forankra i det europeiske rammeverket for språk. Folkeuniversitetet opplyser at dei har dialog med landbrukstenester i Sogn, Vestland Bondelag og Norske Landbrukstenester. Prosjektet kan også kanskje bidra til auka busetting i distrikta.	Det er viktig å legge til rette for god kommunikasjon mellom bonde og arbeidstakar. Prosjektet kan bidra til ein sikrere arbeidsdag for innleid, ikkje norsk talande arbeidskraft. Prosjektet er kostbart og søker om 100 % finansiering. Sjølv om initiativet til prosjektet er tatt i Vestland er dette ei nasjonal utfordring. Prosjektet bør søkje om nasjonale tilretteleggingsmidlar eller anna nasjonal finansiering.	0	0 %
3.Søknad om støtte til pilotprosjektet Dagskurs i landbruket	4H Hordaland	65 000	100 000	65 %	4H Hordaland ynskjer å gjennomføre ulike dagskurs i landbruk. Kursa vil vere for barn og ungdom i alderen 10-18 år. Kursa vil vise eit bilete av kva det betyr å vere bonde i dag, og kva eit lokalsamfunn kan tilby av ulike aktiviteter. Innhaldet på kursa vil vise noko av variasjonane i næringa og miljøet rundt, m.a. ny teknologi for å redusere utslipp av klimagassar, skog, frukt/bær, tilleggsnæring, mattradisjonar og flisfyriansanlegg. Det er tenkt 4 kurs, i tillegg til at alle dei 35 klubbane blir oppfordra til og å gjennomføre dagskurs/dagsaktivitetar i løpet av 2021.	Det er positivt at 4H ynskjer å tilby kurs i landbruk for ungdom. Gjennom kursa vil barn og ungdom få auka informasjon og kunnskap om landbruk, og ulike typar gardsdrift. Kursa kan synleggjere landbruket som karriereveg for ungdom, og potensielt bidra til auka rekruttering innan landbruket.	65 000	65 %
4.Synliggjøring, informasjonsarbeid og styrking av verdiskaping i landbruket på Unneland på Vestlandet	Gorida Production AS	60 000	615 825	10 %	På grunnlag av opptak gjort hjå ein jordbærprodusent sommaren 2020, ynskjer filmskaparane å lage ein dokumentarfilm. Målet med filmen er å informere om landbruk og den primære målgruppa er ungdom på vidaregåande skular, men også studentar og bønder. Tema femner vidt og er tenkt å omfatte bruk av robotar i landbruket, klimaspørsmål, psykisk helse hjå unge og studentar, korona, folkemusikk og tradisjonelle verdjar. Målet er at filmen skal bidra til at fleire lokale ungdomar får jobb i og dermed kunnskap om landbruket. Det er også eit mål at filmen skal bidra til at fleire bønder brukar ungdomar i hausteseongen, saman med profesjonelle plukkarar.	Det ligg mange gode intensjonar i arbeidet med filmen. Filmens skal ha premiere 19. juni 2021 og mykje av arbeidet vil vere ferdig når svar på søknaden føreligg. Støtte frå regionale kompetansemidlar har ikkje utløyssande effekt.	0	0 %
5.Pløye webinar - Innstilling av plog	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	22 000	44 350	50 %	NLR ynskjer å arrangere kurs med tema innstilling av plog og tips for god pløying. Dei opplever at dette er kurs som er etterspurde og alltid aktuelle. På grunn av pandemien, ynskjer dei at kurset skal delast på webinar og fysisk markdag. Tal deltakarar var ikkje oppgjeve i søknaden, men er opplyst om på førespurnad.	Det nye med dette kurset er at NLR på grunn av pandemien, ynskjer å tilby delar av det digitalt i tillegg til på to fysiske samlingar. NLR har tidlegare fått støtte til å arrangere nettbaserte kurs og informasjonsvideoar. Filmstyr som ikkje kan dekkast av kompetansemidlane, er teke med i budsjettet. Korrigert for dette, vil aktuell tilskotssum bli liten og kan ikkje vere avgjerande for om kurset blir arrangert.	0	0 %

6.Kompetanseheving, nettverksbygging og rekruttering	Norsk Bygdesagforening	150 000	200 000	75 %	<p>Prosjektet har som mål å vidareutvikle næringskjeda frå skog til ferdig produkt – med vekt på spesialmaterialar og handverk/tradisjon. Norsk Bygdesagforening arbeider for at tradisjonell produksjon av skurlast med fokus på spesialvirke kan bli ei attraktiv tilleggsnærings/leveveg i landbruket. Spesialvirke er særers etterspurt, gir god pris og konkurrerer verken med dei store sagbruka eller byggvarekjedene. Bedriftene vil verte attraktive supplement til volumindustrien.</p> <p>Prosjektet byggjar på tidlegare prosjekt og kartleggingar. På seminaret "Vi som satsar på tre!", vart det avdekkja eit ønskje/behov frå næringa om å få til eit kurs i materialkvalitet og vurdering av skog på rot i høve til spesialvirke. Dette er også ønskje frå Norsk Bygdesag si nyetablerte ungdomsgruppe. Etter å ha gjennomført kartlegging av treforedlingsbedrifter i Vestland i 2020, har ein god oversikt over potensielle aktørar og nettverk.</p> <p>Prosjektet vil gjennomføre ei fagsamling med fokus på spesialmaterialar/restaurering- freda og verna bygg i Vestland, eit to-dagars kurs i materialkvalitet/ståande skog (teoridel om restaureringsmateriale, og praktisk del på skogbruk) og ei samling med ungdomsgruppa med fokus på rekruttering.</p> <p>Målgruppa er lokale skogeigarar, sagbruk, handverkarar innan restaurering, kulturminneforvaltarar, offentlege kulturbevararar, ungdomsgruppa i Norsk Bygdesagforening.</p>	<p>Bruk av tre er i tida. Potensiale for å ta ut meir verdiar lokalt, sette verdikjeda i system og nytte heile verdikjeda er stort. For Vestland kan spesialproduksjon av materialar vere ei god nisje å ta tak i. Vi treng meir foredling av skog i eige fylke for å sørge for at verdiskapinga skjer her. Prosjektet vil også vere eit viktig kompetanseløft for dei små- og mellomstore sagbruka og treforedlingsbedriftene.</p> <p>Medlemmane til Norsk Bygdesagforening er ein viktig del av verdikjeda innan skog- og treforedling, men bransjen slit med rekruttering. Det er behov for å få i gang samarbeid, felles arrangement og kompetanseheving innan skog- og tre næringa i Vestland. Næringane sjølve har uttrykt eit ønskje om meir fellesskap, meir samarbeid og fleire treffpunkt. Økonomien i næringa er svak og det er naturleg å gå inn med omsøkt sum. Deltakarane må bidra med eigeninnsats og kostnadar til reise og opphald.</p>	150 000	75 %
7.Korte kurs	Mo og Øyrane vidaregåande skule v/Liv Horvei	230 000	531 000	43 %	<p>Prosjektet "Korte kurs" går ut på å arrangere 10 ulike kurs i 2021/2022 ved Mo og Øyrane vidaregåande skule, avdeling Mo. Dette er sett i samanheng med at Mo har bygd opp eit kurscenter som har som mål å tilby godkjenningskurs og sertifiseringar det er krav om, og i tillegg også tilby kurs som er etterspurt av næringa. Målet med kursa er at deltakarane får den kompetansen som næringa krev og har behov for, og at deltakarane får dokumentasjon og kursbevis på sine kvalifikasjonar. Effekten av prosjektet er meir kunnskap og auka tryggleik i landbruket. I tillegg får bøndene dokumentert kompetansen sin og kan lettare ta på seg oppdrag utanfor gardsbruket. Stillas kurs m/ fallsikringskurs, Traktorkurs, Bruk av farlege småverktøy, Varme arbeid, Sveisekurs, M-1.1 Arbeidsmiljø, M-2.1 Masseforflyng, M-2.2 Truck, Autorisasjonskurs i plantevern og Autorisasjonskurs i smågnagemiddel.</p>	<p>Kurscenteret ved Mo og Øyrane vidaregåande skule har tilbydd ulike kurs ved kompetansesenteret for landbruksertifisering i fleire år. Erfaring viser at kursa stort sett har hatt det planlagde talet på deltakar. Det er positivt at det er stor grad av eigenfinansiering. Det er positivt at bøndene får dokumentert kompetansen sin og at det er bygd opp eit kompetansesenter for landbruksertifisering rundt desse kursa.</p>	230 000	43 %
8.Korte kurs i skogbruket i Vestland	Sogn og Fjordane Skogselskap	290 000	385 000	75 %	<p>Sogn og Fjordane Skogselskap søker om midlar til å arrangere til saman 25-30 fysiske arrangement, og 10 digitale arrangement for skogeigarar, og for ungdom med skoginteresse lokalt kring i kommunane i Vestland i sesongen 2021/2022. Hovudvekta av kursa skal vere i Sogn og Fjordane. Kursa vert organiserte og gjennomførte ved eit samarbeid mellom søkjaren, prosjektleiarane, og landbruksforvaltninga i kommunane i fylket, som sit med lokalkunnskap om kor trongen for kursinnsats er størst.</p> <p>Sogn og Fjordane Skogselskap har gjennomført opplegg av tilsvarande art dei tre siste åra - i siste sesong noko hemma av noverande korona-situasjon. Men interessa har vore stor, og det har blitt brukt ein del digitale løysingar. Det vil dei framleis halde fram med.</p> <p>Kursa fordeler seg på 6 ulike kategoriar kurs; tømmerkapping for skogeigarar, skogfondkurs, kurs for nye skogeigarar, kurs i PEFC Skogstandar, motorsagkurs for ungdommar og kurs i skogplanting. Kursa er dei same som støtta tidlegare, med unntak for det siste som er nytt frå 2021. Kursa som siktemål å auke kompetansen hos deltakarane, gjere dei meir motiverte for innsats i skogbruksnæringa og stimulere til vidare utdanning i næringa. Prosjektet er å få 400 kursdeltakarar.</p> <p>Dei fire førstemnde kursa er særleg retta mot skogeigarane, og kan og vere aktuelle for skogsentreprenørar og skogbrukssjefar i kommunane. Motorsagkurs er retta mot ungdom, og kurs i skogplanting er aktuelt for både dei som ynskjer jobb til å plante skog, og dei som vil plante ny skog på eigedommen sin.</p>	<p>Det er eit stort potensiale for auka verdiskaping i skogbruket i fylket. Det er ynskjeleg å støtte tiltak som kan bidra til rekruttering og kompetanseheving også innan skogbruket, då behovet for kunnskap er stort. I 2020 fekk dei 140 000 kr. Vi ynskjer difor å støtte desse kursa også i 2021. Det er ynskjeleg at kursa vert gjort tilgjengelege for ein større del av fylket. Det er ikkje lagt opp til kursavgift på dei aller fleste for at kursa skal vere eit lågterskeltilbod, men vi tenkjer det bør kunne takast ei mindre kursavgift på mange av kursa.</p>	200 000	52 %

9.Stønad til kurs	Gilbakken Gard	39 500	39 500	100 %	Søkjjarane er unge bønder som ynskjer å auke kompetansen sin og satse på garden. Søkjjar har dels gjennomført, og skal del gjennomføre tre kurs; Friskare kyr, Praktisk HMS-arbeid og Norsk PEFC Skogstandard. Dei søkjer om støtte til å få dekke desse kursa.	Dette er utanom det midlane til Rekruttering og kompetanseheving skal gå til. Midlane skal ikkje gå til einskildbønder, men dei kan gå til arrangør av kurs for å få gjennomført kurset på ein god måte. Sidan søknaden var klart utanom ordninga har det blitt skrive eit administrativt avslag før framlegging av samla vurdering til partnerskapen.	0	0 %
-------------------	----------------	--------	--------	-------	---	--	---	-----